



NORGES MUSIKKORPS FORBUND

Sommerkurs

Møt staben på Rødt og Gult kurs på Nordfjordeid! Dei ser fram til ei super veke på Fjordane Folkehøgskule, og skal gjere alt for at musikantane stortrivast og får minnerike dagar med musikk og moro :)



Leirsjef

Nora Marie kjem frå Eikefjord og har spelt i korps sidan ho var 8 år gammal. Ho er straks ferdig utdanna lektor, og jobbar no på ein vidaregåande skule i Bergen og er instruktør i eit skulekorps. Nora Marie er særleg opptatt av å legge til rette for arenaer der unge musikantar får møtt og spelt saman med andre på deira eigen alder. Til vanleg spelar ho kornett i Eikanger-Bjørsvik Musikklag og er med på å drive Hordaland Ungdomsbrassband.



Aktivitetsleiar

Jennifer er frå Florø. Ho har spelt i korps i 13 år, og i totalt åtte korps. Ho spelar mest euphonium, men synest at alt som lagar lyd er gøy! I fjor gjekk ho på Manger folkehøgskule - det var litt av eit år! Anbefalast på det sterkaste. Jennifer har deltatt på sommerkurs i mange år, og håper at alle får ei like fin oppleving som det ho har hatt :)



Aktivitetsleiar

Ask bur i Ålesund og har spelt i korps i 11 år. Han spelar solokornett i Tomra brassband, og har gått tre år på musikklinja ved Ålesund vgs. Han har jobba på fleire sommarkurs og likar å vere med på å dyrke korpsinteressa til unge musikantar. Neste år skal han gå på brassband-linja ved Manger folkehøgskule."



Administrativt og messinglærer


Erlend er frå Solund og har «alltid» spelt i korps, alle stadar han har budd. Han har bachelor i markedskommunikasjon og gått grunnskulelærer 1-7 i Sogndal, men jobbar i dag i NMF Nordvest og som messinglærer i kulturskolen. Erlend brenn for å inspirere andre, og legge til rette for at flest mogleg elsker å spele i korps og kan gjere det resten av livet. Fordi, korps er kult! Han likar å køyre bil, så han pendlar sørover for å spele kornett i Manger Musikklag— «Vil du, så kan du».

NORGES MUSIKKORPS FORBUND

Sommerkurs

Møt lærarane på raudt og gult kurs, Nordfjordeid.

Denne gjengen gler seg til å sette korps på timeplanen og skape speglede.



**Dirigent Raudt kurs,
grovmessinglærer**

Inge Starheim Ytrehus er utdanna tubaist og musikkpedagog, er dirigent og underviser i korps i heile Nordfjord. Å få jobbe med korps er verdens beste jobb og sommarkurs er eit av dei store høgdepunkta i løpet av året.



Lysmessinglærer

William Anthun bur i Dale i Sunnfjord og jobbar i kultur-skulen som lærar og dirigent. I løpet av ei veke er han innan 5 ulike kommuner for å dirigere. Han har bachelorgrad i klassisk trompet og pedagogikk. William jobbar for eit yrande musikkliv og for at korpsa skal kunne vekse og utfolde seg.



Lysmessinglærer

Jothika Røtttingen kjem frå Solund, og held til i Bergen. Ho har bachelorgrad i klassisk trompet og pedagogikk. Jothika er opptatt av å bidra til at unge musikantar får lære gjennom varierte og tilpassa undervisningsformer, der dei får oppleve speglede og meistring. Til vanleg jobbar ho som kornett-instruktør i fleire korps, og driv ein skjønnhetssalong.



Slagverklærer

Thomas Frøyen er frå Kalvåg og bur i Solund. Han har brei erfaring frå både korps, storband og ulike band, og har spelt i fleire brassband på høgt nivå. Thomas brenn for rytme, samspel og speglede, og er oppteken av å skape god sjølvkjensle, meistring og tryggleik hos kvar enkelt musikanter. Han har også stort fokus på det mentale aspektet ved musikken, og korleis ein kan prestere best mogleg – både åleine og saman med andre. Til vanleg er han dirigent for Solund Skulemusikk.



Grovmessinglærer

Åshild Aagaard-Nilsen kjem frå Manger og spelar trombone i Manger Musikklag. Korpset er ein viktig del av livet, og drivkrafta hennar er samhaldet og gleden av å spele saman med andre. Åshild er oppteken av at korps kan vere ein stad der ein kan utvikle seg individuelt og samstundes kjenne at ein høyrer til.



Slagverklærer

Thomas Aanonlie bur i Gloppen, er utdanna musikal og musikkpedagog. Jobbar til vanleg i Gloppen Kulturskule som distriktmusikal og lærar, og som lektor på Firda VGS. Gir ut musikk på Edition Svitzer forlag i København, og brenn for korps og slagverk. Spelar fast i Opera Nordfjord orkesteret på Nordfjordeid.



Treblåslærer

Kariann Svensson er frå Bergen. Ho er utdanna klarinettist fra Norges Musikkhøgskole, og jobbar i dag som frilansmusikal. I tillegg har ho i alle år undervist i skulekorps ved sidan av, og ynskjer at alle barn og unge skal få føle på speglede og fellesskap som ho sjølv har fått frå korps.



Dirigent Gult kurs

Torhild Andvik bur i Nordhordland og har spelt i korps nesten heile livet. No spelar ho i Manger Musikklag, men gler seg til å flytte til Jølster i haust. Torhild jobbar som lærar, og liker godt å vera sosial og møte nye folk. Ho brenn for at alle skal ha det gøy når dei spelar i korps, og føle at dei får til noko!